

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Alexander Fosse Andersen (Sp) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Det Vestnorske teateret (DVT). Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Alexander Fosse Andersen ikkje var inhabil.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Under punkt 2
Institusjonane Bergen Filharmoniske Orkester og Den Nasjonale Scene vert framleis 100% statleg ansvar.»

June Knudtsen Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

Vestland fylkeskommune sluttar seg ikkje til det heilskaplege forslaget om å overføre budsjettmidlar og ansvar frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen. Fylkestinget støttar det kulturpolitiske målet som er å styrke kulturen og heve statusen for kultur som politikkområde for alle forvaltningsnivå, og meiner det er avgjerande at viktige kulturinstitusjonar over hele landet også i framtida skal ha nasjonal forankring gjennom bevilgning frå statsbudsjettet.

Punkt 2

Fylkestinget sluttar seg til det statlege framlegget om oppgåve- og ansvarsoverføring til Vestland fylkeskommune slik det kjem fram i saka, med følgande endringar: Den Nasjonale Scene, Bergen Filharmoniske orkester og Carte Blanche skal behalde dagens finansieringsmodell. I tillegg skal Statsraad Lehmkuhl ha statleg majoritetsansvar.

Følgande institusjonar skal ha regionalt majoritetsansvar: Fargespill Bergen, Det Vestnorske Teateret, Bergen Kunsthall, Bergen Nasjonale Opera og Edvard Grieg kor, Opera Nordfjord, Teater Vestland og Vestlandske Teatersenter.

Punkt 3

Fylkestinget strekar under at kunst og kultur har stor eigenverdi, og ikkje er ein sektor der ansvaret bør flyttast på berre for å gi fleire oppgåver til fylkeskommunane. Fylkestinget vil likevel peike på at overføring av ansvar og oppgåver på det kunst- og kulturpolitiske området bidreg til at regionreforma lukkast.»

Mona Høgli (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt:

Likebehandling: Vestland fylkesting føreset at samanliknbare institusjonar på Vestland og i andre fylke blir behandla likt, og får ein lik finansieringsmodell.»

Bjarte Vatnøy (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2

Fylkestinget sluttar seg til det statlege framlegget om oppgåve og ansvarsoverføring til Vestland fylkeskommune slik det kjem fram i saka, med unntak av Statsraad Lehmkuhl som bør være eit statleg majoritetsansvar.»

Avrøysting

Indrevik sitt forslag fekk 12 røyster (H) og fall.

Innstillinga punkt 1 fekk 53 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, R, Pp, FNB, Frp) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 2 fekk 47 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, R, Pp, FNB) og vart vedteke mot 18 røyster (H, Frp) for Vatnøy sitt forslag som fall.

Aafløy sitt forslag fekk 28 røyster (H, Frp, FNB, 3MDG, R) og fall.

Innstillinga punkt 3 fekk 53 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, R, Pp, FNB, Frp) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 5-7 vart samrøystes vedteke.

Høgli sitt forslag samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til dei grunnleggjande målsettingane i kulturmeldinga og regionreforma om å overføre budsjettmidlar og ansvar frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen. Fylkestinget støtter det kulturpolitiske målet som er å styrke kulturen og heve statusen for kultur som politikkområde på alle forvaltningsnivå.
2. Fylkestinget sluttar seg til det statlege framlegget om oppgåve og ansvarsoverføring til Vestland fylkeskommune slik det kjem fram i saka. Fylkeskommunane som no utgjør Vestland har lang tradisjon som fødselshjelpar og medfinansiar innanfor kulturområdet, både til faste kulturinstitusjonar og frie aktørar, og er fullt i stand til å ta på seg utvida oppgåver på dette området til beste for kulturlivet i Vestland.
3. Fylkestinget strekar under at overføring av ansvar og oppgåver på det kunst- og kulturpolitiske området er avgjerande for at regionreforma skal lukkast.
4. Fylkestinget føreset at overføring av oppgåver og ansvar til fylkeskommunen medfører full økonomisk kompensasjon på 2021-nivå, og at nivået på løyvingane til kunst- og kulturinstitusjonane vert oppretthalde.

Fylkestinget presiserer og strekar under at fylkeskommunane treng gode økonomiske overføringar for å styrke kulturlivet i heile Noreg. Vestland er eit stort kulturfylke som forvaltar lokal, regional og nasjonal kulturarv. For å trygge og vidareutvikle kulturlivet i Vestland er det avgjerande at fylkeskommunen får meir midlar frå statsbudsjettet til kultur, i tillegg til dei overføringane som kjem med oppgåveoverføringa. Staten må også bidra med dei store investeringane som Vestland treng for å trygge og vidareutvikle våre store kulturinstitusjonar. Oppgåveoverføringa kan ikkje vere ei kvilepute for den statlege kulturpolitikken og finansieringa.

5. Fylkestinget legg til grunn at staten framleis skal ha ansvar for overordna oppgåver som krev eit nasjonalt overblikk. Staten skal vidare, gjennom oppfølging og revisjon av kulturlova og nasjonale forventningar til planlegging, leggja grunnlaget for ein sterk nasjonal kulturpolitikk.
6. Fylkestinget støttar tilrådinga frå Norsk Kulturråd om utvikling av ein struktur av regionale ressurs- og kompetansesentra for profesjonell kunst innanfor ulike uttrykk og sjangrar. Det er viktig at regionalpolitisk planlegging og regionale behov vert lagt til grunn for denne utviklinga.
7. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til forpliktande, formalisert dialog mellom forvaltningsnivåa på kulturområdet, både politisk og administrativt, for å styrka den nasjonale kulturpolitikken og å samordna arbeidet til beste for institusjonane.
8. Likebehandling: Vestland fylkesting føreset at samanliknbare institusjonar på Vestland og i andre fylke blir behandla likt, og får ein lik finansieringsmodell.